

# INNBYGGARUNDERSØKING 2024


VOSSE



Foto: Åsmund Aarsand – Visit Voss


# VIKTIGE TAL FRÅ INNBGYGGJARUNDERSØKINGA 2024

- 77 % er **svært el. litt positive til reiselivet** på Voss (vs. 82 % i 2022).
- 81 % er einig i at turismen **gjer sentrum meir levande**.
- 65 % er einige i at turismen **aukar handelstilbodet** til dei fastbuande.
- 71 % er einige i at turismen **gjer kafé-, restaurant- og utelivet betre**.
- 70 % er einige i påstanden om at «turisme bidreg til eit meir **mangfaldig aktivitetstilbod** for dei fastbuande».
- 90 % meiner reiselivet er viktig med tanke på **arbeidsplassar, næringsutvikling, bulyst og trivsel**.



# VIKTIGE TAL FRÅ INNBGYGGJARUNDERSØKINGA 2024, FORTS.

- 59 % er heilt eller delvis einige i at turistane skapar **trafikkfarlege situasjonar**.
- 75 % er heilt eller delvis einige i at turistane skaper **kørar på vegane**.
- 39 % er heilt eller delvis einige i at turistane skapar **pressområde/stader** på Voss med for mange besøkande.
- 43 % er heilt eller delvis einige i at turisme bidreg til å **presse opp bustadprisane** gjennom utleigeverksemder.
- 49 % er heilt eller delvis einige i at turistane **tar seg til rette**, utan omsyn til lokalmiljøet.
- 42 % er heilt eller delvis einige i at turistane **slit ned naturen**.
- 47 % er heilt eller delvis einige i at turistane **forsøplar**.
- 22 % vurder talet på turistar som litt/alt for mange, vs. 10 % i 2022
- 17 % ser helst at talet på turistar blir færre, mot 8 % i 2022.
- Samanlikna med 2022 er det ein viss nedgang i dei som opplever at turismen der dei bur er berekraftig, og ein noko større del som opplever at turismen i liten grad er berekraftig.



# BAKGRUNN OG METODE

**Bakgrunn:** I samband med prosjektet Berekraftig reisemålsutvikling er det gjennomført ei undersøking blant innbyggjarane i Voss herad. Undersøkinga vart gjennomført i perioden juli til september 2024. Voss er i gang med remering av «Merket for berekraftig reisemål». Sist det vart gjennomført ei tilsvarende undersøking var hausten 2022. Denne analysen samanliknar difor nokre funn i høve til den førre undersøkinga.

**Distribusjon og metode:** Innbyggjarundersøkinga vart gjennomført som ei digital spørjeundersøking i programmet Questback. Undersøkinga vart distribuert digitalt, gjennom kanalar som Facebook, lokalavisa, nettsider til både Visit Voss og Voss herad.

**Analyse:** I denne rapporten vert resultata frå undersøkinga oppsummert. Analysen baserer seg på respons frå til saman 1175 innbyggjarar i Voss herad. Dette er på nivå med førre undersøking, og vert rekna som ein god respons, som med eit konfidensintervall på 95 % gjev ein feilmargin på 3 %.




Undersøkinga er gjennomført i perioden juli til september 2024.



Analysen er basert på svar frå 1171 respondentar. Alle er busette i Voss herad.

## Kvar på Voss bur du?



# RESPONS

I alt 1175 respondentar;


- 27 % busette i sentrum.
- 14 % busette i Skulestadmo.
- 10 % busette i Palmafossen / Kyte.
- Elles god fordeling i heradet.

41% menn vs. 57 % kvinner (1 % ønskjer ikkje å oppgi).

God statistisk spreiing på alder, med flest i aldersgruppa 30 - 39 år.

Om lag 32 % har vakse opp i regionen og budd her heile livet, medan 32 % er tilflyttarar. 23 % har vakse opp her, budd ute og flytta attende (sjå graf).

Kva er di tilknyting til Voss?



N=1168

# KVA REISELIVET BETYR

---




Foto: Sverre Hjørnevik

# HALDNINGAR TIL REISELIVSSATSINGA

Samanlikna med undersøkinga i 2022 er det noko lågare andel som oppgjer at dei er positive til reiselivet på Voss. Likevel er det ei overvekt som er positive.

- 77 % er svært el. litt positive til reiselivet på Voss (vs. 82 % i 2022).
- 9 % er litt el. svært negative til reiselivet på Voss (vs. 5 % i 2022).




# POSITIVE SIDAR VED TURISMEN

Undersøkinga viser at det er ein brei forståing av at turismen styrkar Voss som regionssenter, skapar arbeidsplassar og gjer sentrum meir levande.

- 81 % er einig i at turismen gjer sentrum meir levande.
- 65 % er einig i at turismen aukar handelstilbodet til dei fastbuande.
- 71 % er einig i at turismen gjer kafé-, restaurant- og utelivet betre.

Også i dei kvalitative tilbakemeldingane er det eit mangfold av positive effektar ved turismen som vert beskrive. Noko av det som går igjen er; liv og røre i sentrum, mangfold av folk og møte med andre kulturar, nye impulsar, og at det set Voss på kartet.

Kor einig eller ueinig er du i følgjande utsegn om positive sider ved turisme, der du bur?



# ATTRAKTIVITET FOR BUANDE OG BESØKANDE

På spørsmål om kva som gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande, er tilbakemeldingane i stor grad samfallande med innbyggjarundersøkinga frå 2022; det er kombinasjonen av naturen og mangfaldet av aktivitetar, lokal kultur, ekstremsport miljøet, Vossajazz og andre arrangement som går igjen.

? «Kva gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande?» N=519

*Sitat:*

*Naturen, idrettsmoglegheiter og bevaringa av lokal kultur og tradisjon.*

*Friluft, natur, gardsbruk, beitedyr.*

*Naturen. Fjell, elv, grotter og gjel. Klatring, rafting, hopping, sykling, ski (i alle typa), gå tur, fiske . Osv Sport- fotball og handball. Diverse festivaler. Jazz, ekstremsport, musikk.*

*Naturen, eit fint og kompakt sentrum, korte avstandar, god kommunikasjon i ulike retningar, kjem fort til både sjø og fjell, tilgang til ulike aktivitetar både sommar og vinter.*

*Det allsidig mellom vakre natur og opplevelser helt ut til det ekstreme. Men samtidig et godt og tradisjonelt kultur liv.*



Foto: Chris Baldry



Foto: Visit Voss – Voss aktiv

## ATTRAKTIVITET FORTS.

? «Kva gjer Voss til ein attraktiv stad for fastbuande og besøkande» N=519



Sitat:

Alle ringvirkninger som ekstremsportmiljøet gir; feks gratis elvepadlekurs for barn. Svært stort utvalg i aktivitetstilbud til barn, unge og voksne. Legg til to gode alpinanlegg, og du har helårsaktiviteter for hele familien.

Arbeidsplassar og gode tilbud innenfor kultur, idrett og ikkje minst natur.

Fantastiske turmuligheter, kort vei til skisentre, ekstremsport mulighetene, miljøet, flott engasjement ved arrangementer som VossCup, Vossajazz, veko osv.

Levande bygdesamfunn spreidd busetnad oppgående landbruk rein natur.

# ATTRAKTIVITET FOR BUANDE OG BESØKANDE - OPPSUMMERT

1. **Naturen:** gjennomgående faktor for å skildre attraktiviteten i området. I kombinasjon med aktivitetstilbodet, ekstrem sport, nærliek mellom by og fjell, ro og fred, med meir.
2. **Aktivitetar:** dette er det mest framståande temaet, og inkluderer både sport, fritidstilbod, ekstrem sportmiljøet, familievenlege aktivitetar året rundt.
3. **Ekstrem sport** vert nemnt hyppig som ein del av Voss sin identitet, med arrangement som Veko, og tilbod som fallskjerm og rafting, elvepadling, speedriding som sentrale aktivitetar.
4. **Ski og vinteraktivitetar:** verdsett av både innbyggjarar og besökande.
5. **Kultur og arrangement:** eit rikt kulturtibod med musikk, festivalar og lokale arrangement er viktig for mange. Spesielt vert Vossa Jazz og Veko nemnt.
6. **Sentrum og butikkar:** eit levande sentrum med butikkar og restaurantar vert ofte nemnt som viktig for opplevinga på Voss og attraktivitet for innbyggjarar og besökjande.
7. **Tilgjengelegheit og infrastruktur:** enkel tilgang til større byar, togtibodet, kombinert med nærliek til naturen, og ein roleg livsstil går òg igjen som ein attraktiv faktor.
8. **Bustadmarknad og arbeidsplassar:** viktigheita av å ha ein god bustadpolitikk, vera i forkant av utfordringar turismen kan føra til med omsyn til auka bustadprisar, buplikt osb.
9. **Lokalsamfunn og samhald:** Mange legg vekt på god dugnadsånd, godt miljø, samhald i bygda, og nokre uttrykkjer ei uro for at utvikling av turisme skal gå på kostnad av innbyggjarane sin trivsel. Mellom anna med tanke på prioriteringar i kommunen knytt til utbygging, sentrumsutvikling, parkering, tilrettelegging.
10. **Miljø og berekraft:** fleire uttrykkjer eit engasjement med omsyn til å ta vare på naturen, og avgrensa utbygging.

# UTVIKLINGSPOTENSIAL

På spørsmål om kva som kunne gjort Voss til ein endå meir attraktiv stad, har det kome inn 471 svar. Tematikken er mangfoldig, og spenner fra innspele om gågate i sentrum til bobilparkering, bustadpolitikk, hytteutbygging, fornøyelsespark, klatrehall med meir. Fleire ønsker også en meir strategisk utvikling av bygdene / distriktet rundt.

**? «Kva kunne gjort Voss til ein endå meir attraktiv stad?» (N=471)**



Foto: Visit Voss



Foto: Åsmund Aarsand – Visit Voss



Foto: Jon Hunnålvatn Tøn - Fjellandsby

*Meir faktisk tilrettelegging for familiar med små barn. I dag er turistar, trafikk og ATV prioritert.*

*Gjort bygdene mer attraktive, ikke alt i sentrum . Bedre kollektiv tilbud , levende sentrum , tilrettelagt så det var mulig å drive noe annet en kafe og sportsbutikk i sentrum.*

*Eit herad som sørga for å utvikla grendene i takt med turismen. Ein må legge til rette for at folk får busetja seg nær der arbeidsplassane vert skapt.*

*Styrking av skolebygda Voss. Utdanningstilbud som gjør at flere bor på Voss utenom turistsesongen også.*

*Bedre tilknytning til Bergen, kortere reisetid / billigere tog.*

*Gode heilårs arbeidsplassar som ikkje har tilknyting til reiseliv. Mindre flystøy.*

# UTVIKLINGSPOTENSIAL

? «Kva kunne gjort Voss til ein endå meir attraktiv stad?» (N=471)



Sitat:

Betre infrastruktur og sanitæranlegg. Meir aktivitet i sentrum på ettermiddagen og helg.

Betre og vakkere arkitektur.

Betre tilrettelegging for sykling, betre skilting, lettare tilgjengeleg informasjon

Eit flott badeland, då det er mykje därleg vær her på Vestlandet it flott badeland, då det er mykje därleg vær her på Vestlandet.

Gågate og meir levende torg.

Knyta Vangen og vatnet saman.

Lengre opningstider på butikkar og kafear om sommaren.

Årsavgift på parkering for innbyggjarar (slik som i Aurland).

# INNSPEL TIL UTVIKLING AV VOSS

1. **Meir liv og aktivitet i sentrum:** Legge til rette for fleire (og betre) kaféar, restaurantar, og aktivitetar som gjer sentrum levande heile året, også på kveldstid. Større mangfald blant butikkar og liv på kvelden. Unngå utbygging av store kjøpesenter. Gågate i Vangsgata.
2. **Utvikling av fleire aktivitetar og fasilitetar:** Forslag om å bygge klatrevegg, frisbeegolf, fleire sportsfasilitetar, utandørsbasseng, betre fasilitetar på badeplassar. Tilretteleggja for og vidareutvikle Voss sin posisjon innan ekstremsportmiljøet. Utnytte gondolbanen betre og etablere fleire sykkelløyper. Samtidig fokus på vern og ivaretaking av natur. Fleire aktivitetar for barn og unge.
3. **Transport og infrastruktur:** Forbetre transporttilbodet både for fastbuande og turistar, samt sikre gratis eller rimeleg parkering. Betre kollektivtransport og betre tilrettelegging for sykkel.
4. **Styrke kultur- og fritidstilbod:** Utvikle fleire aktivitetar for alle aldersgrupper, inkludert familievenlege tilbod, kulturtilbod, og betre marknadsføring av lokale arrangement. Ønske om fleire lokale mattilbod, bondemarknader, meir satsing på lokale tradisjonar og kulturarv for å styrke fellesskapet. Vidareutvikle tilbodet innan arrangement og festivalar gjennom året.
5. **Høgskule eller vidareutdanning:** Etablere høgare utdanningsmoglegheiter for å tiltrekke unge vaksne og auke lokal kompetanse.
6. **Betre samarbeid mellom aktørar:** Meir samarbeid mellom kommunen, næringslivet og grunneigarar for ein berekraftig utvikling og betre koordinering. Ønske om betre innbyggjarinvolvering.
7. **Tilrettelegging for turisme:** Legge betre til rette for campingturistar, bobilparkering, og aktivitetar som er godt tilpassa både turistar og fastbuande. Ønske om oppgradering av offentlege plassar, etablering av nye parker, forbetring av fasilitetar i nærleiken av Vangsvatnet for å auke tilgjengeleight og trivsel.
8. **Forhindre nedbygging av natur:** Det er viktig å bevare naturen og hindre vidare utbygging, særleg hyttefelt og område med matjord.
9. **Betre bu moglegheiter:** Fleire bustader med rimelegare prisar og betre forhold for utleige. Tiltrekke fleire fastbuande og redusere fokuset på hytteutbygging.

# VOLUM OG REISESTRØYMAR

---



Foto: Visit Voss

# KORLEIS TALET PÅ TURISTAR VERT OPPFATTA I KOMMUNEN


Sjølv om det ikkje alltid vil vere mogleg å identifisere typen turist for innbyggjarane, gir spørsmålet ein indikasjon på innbyggjarane si oppfatning av turismen i området.

- 50 % vurderer talet på turistar som akkurat passe.
- 22 % vurderer talet på turistar som litt/alt for mange, vs. 10 % i 2022.
- 24 % vurderer talet på turistar som litt/alt for få, vs. 38 % i 2022.

Det er først og fremst fleire individuelle turistar som blir vurderte som «for få», medan bubilturistar i størst grad blir vurderte som «for mange».


Sjølv om andelen innbyggjarar som er positive til reiselivet på Voss ligg på 77 %, har andelen innbyggjarar som opplever talet på turistar som for mange auka med 12 % samanlikna med 2022.

Korleis vurderer du talet på turistar på Voss idag?



N=999

Korleis vurderer du talet på turistar på Voss, i dei fylgjande kategoriane?



N=1135


# POTENSLIALET FOR VEKST

Innbyggjarane si trivsel er avgjerande for reiselivsutviklinga framover. Nasjonale føringar legg opp til at reiselivsutviklinga må bidra til å styrke sosiale verdiar og lokalsamfunn.

Til likst med at det er fleire som vurderer talet på turistar som for mange, er det også færre enn i 2022 som ønskjer at det skal bli fleire turistar.

- 17 % ser helst at talet på turistar blir færre, mot 8 % i 2022.
- 41 % ønskjer at talet på turistar skal bli noko/mykje fleire, mot 56 % i 2022.
- 39 % ønskjer at talet på turistar blir som i dag, vs. 31 % i 2022.

Når du ser framover i tid, korleis ynskjer du at talet på turistar skal utvikla seg der du bur?



N=838

# KVAR OG NÅR VERT DET OPPLEVD PRESS PÅ VISSE OMRÅDE

I det store og heile er ikkje overturisme eit problem i Voss. Det vert opplevd noko punktbelastning enkelte stader i løpet av året.

Dei fleste svara handlar om pressproblematikk om sommaren. Då gjeld det områder som; sentrum / Vangen, Tvindefossen, Bømoen, Kiellandbu og Bjørge mm. Særleg er irritasjonsmoment knytt til bobil- og camping som tek stor plass i sentrum (parkering), og villcamping.

Om vinteren vert område som blant anna Raundalen, Jordalen, Vikafjellet, Holbygdi, Bavallen og Myrdalen nemnt.

Utvalde sitat, og ordskya, på neste side og illustrerer kva stader det gjeld, for dei som opplever press på visse område grunna høgt besøksvolum.

? «Er det nokon pressområde/stader i Voss herad du meiner det er for mange besökande i løpet av året? Beskriv kvar og når på året:» N=474

Sitat:

*Ikke for mange besökande, men for dårlig tilrettelagt! Eks. badeplassen i raundalselva. For dårlig parkering. Ikke tilrettelagt for toalett, bås mm.*

*Flyplassen på Bømoen. Står ulovlege telt overalt rundt flyplassen i sommerhalvåret.*

*Vangen om sommaren. Myrdalen om vinteren.*

*Vangskyrkja... Har opplevd faktisk fleire gonger at turistar kjem inn under t.d gravferd og bryllup!!*

*Har opplevd ein ny trend i sommar med telting og overnatting i privatbiler på sidevegar. Har vert litt før og ,men i år økende og kanskje eit problem i framtiden.*

*Med tanke på manglende/dårlig gang og sykkelvei er det "for mange" turister som sykler opp mot Bømoen fra sentrum. De beveger seg naivt i trafikken og hindrer fremkommelighet for andre på sykkel/ til fots ved å sperre av det som er av fortau. Kun problem om sommeren.*

*Raundalselva med Bjørke. For mye folk, ikke tilrettelagt parkering, ingen toalettfasiliteter. Generell tilbakemelding er at det er kjekt med turister, men Voss herad tilrettelegger for lite og følger ikke opp.*

*Vangsgata. Burde vore utbedra som gågate då hadde det vorte koselegare med kafebesøk og ikkje støyande bilar og uoversikteleg parkeringar. Slik det er no unngår me Vangen i touristsesongen.*

# MANGLANDE TILRETTELEGGING FOR BUBIL OG CAMPING, OG FEILPARKERING I SENTRUM IRRITERER MEST.

? «Er det nokon pressområde/stader i Voss herad du meiner det er for mange besökande i løpet av året?

Beskriv kvar og når på året:» N=474




Foto: Visit Voss

# BEREKRAFTIG REISELIV



Foto: Wild Voss

# BEREKRAFT

Innbyggjarundersøkinga kartlegg innbyggjaranes oppleving av korleis satsinga på reiseliv og utvikling skjer innanfor berekraftige rammer.

Merket for berekraftig reisemål byggjer på Innovasjon Norge sine ti prinsipp for eit berekraftig reiseliv. Desse er i sin tur bygde på FNs turismeorganisasjon sin definisjon (UNWTO). (sjå figur)

Kriteria legg særleg vekt på forhold knytt til naturmangfald, klimautslipp og tilpassing, lokal besøksstyring og lokal livskvalitet og engasjement.

Spørjeundersøkinga kartlegg fleire av desse forholda ut frå innbyggjaranes perspektiv.



Foto: Visit Voss


Bevaring av natur, kultur og miljø	Styrking av sosiale verdier	Økonomisk levedyktighet
<ul style="list-style-type: none"><li>1. Kulturell rikdom</li><li>2. Naturmangfold</li><li>3. Klimautslipp og -tilpasning</li><li>4. Rent miljø og ressurseffektivitet</li></ul> 	<ul style="list-style-type: none"><li>5. Lokal besøksstyring</li><li>6. Lokal livskvalitet og engasjement</li><li>7. Jobbkvalitet for reiselivsansatte</li><li>8. Gjestetilfredshet og trygghet og opplevelseskvalitet</li></ul> 	<ul style="list-style-type: none"><li>9. Økonomisk levedyktige og konkurranseedyktige reiselivsdestinasjoner gjennom lokal verdiskapning</li><li>10. Økonomisk levedyktige og konkurranseedyktige reiselivsbedrifter</li></ul> 

# REISELIVET MÅ UTVIKLAST ETTER BEREKRAFTIGE PRINSIPP

- 35 % opplever at turismen der dei bur er berekraftig (vs. 44 % i 2022)
- 24 % opplever at turismen der dei bur i liten grad er berekraftig (vs. 17 % i 2022).
- Om lag ein tredel har ikkje noko klar formeining om det, og stil seg midt på treet.

Samanlikna med 2022 er det ein viss nedgang i dei som opplever at turismen der dei bur er berekraftig, og ein noko større del som opplever at turismen i liten grad er berekraftig.

Alt i alt, kor berekraftig opplever du at turismen er der du bur? Med "berekraftig" meiner vi evna til å ta vare på natur, miljø, kulturarv og lokalbefolking.



N=729

# BEVARING AV NATUR, KULTUR OG MILJØ


Balansen mellom dei positive og negative konsekvensane av turisme er ei utfordring for alle stader som har ein viss grad av turisme.

- 70 % er einige i påstanden om at turisme bidreg til eit meir mangfaldig aktivitetstilbod for dei fastbuande.
- 81 % ser at turismen gjer sentrum meir levande.


Samtidig er det ein relativt høg andel som òg opplever at det vert slitasje i naturen som følgje av turisme, og opp mot 50 % opplever at turistane tek seg til rette utan omsyn til lokalmiljøet.

## Natur, kultur og miljø

Turismen skapar aktivitetstilbod til dei fastbuande




Turismen gjer sentrum meir levande



Turistane tar seg til rette, utan omsyn til lokalmiljøet



Turistane slit ned naturen




0 % 10 % 20 % 30 % 40 % 50 % 60 % 70 % 80 % 90 % 100 %

■ Heilt ueinig ■ Delvis ueinig ■ Verken ueinig eller einig ■ Delvis einig ■ Helt einig ■ Veit ikkje

# ØKONOMISK LEVEDYKTIGHET

- 90 % meiner reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, bulyst og trivsel.
- 38 % meiner turismen bidreg til å presse opp bustadprisane gjennom utleigeverksemd (mot 20 % som er ueinige i påstanden).
- 55 % er einige i påstanden «me er for lite flinke til å tene pengar på turisme der eg bur» (sjå figur).



# OPPSUMMERING

---




Foto: Voss Resort

# OPPSUMMERING AV POSITIVE SIDER MED REISELIVET, SLIK INNBYGGJARANE SER DET:

1. **Auka arbeidsplassar:** Turisme skapar mange arbeidsplassar innan servering, hotell, handel og aktivitetar, noko som bidrar til å styrke lokaløkonomien.
2. **Internasjonalt mangfald:** Turistar frå heile verda kjem til Voss, noko som skapar eit større mangfald og gir innbyggjarane moglegheita til å møte nye kulturar og oppleve nye impulsar.
3. **Styrking av ekstrem sportmiljø:** Reiselivsutviklinga gir eit større fokus på ekstremsport, noko som tiltrekker både utøvarar og publikum, og bidreg til å vidareutvikle tilbodet for lokale og tilreisande.
4. **Levande sentrum:** Turismen skapar meir liv i sentrum med auka aktivitet, handel og sosialt samvær, spesielt i høgsesongen.
5. **Betre tilbod for innbyggjarane:** Auka turisme fører til utvikling av fleire aktivitetar og tilbod som også innbyggjarane kan nytte seg av, som til dømes aktivitetsparkar og betre kafétilbod.
6. **Økonomisk vekst:** Turistane legg igjen pengar i næringslivet, som hotell, butikkar, kafear og aktivitetsbedrifter, noko som styrker den lokale økonomien.
7. **Auka synlegheit:** Voss blir sett på kartet både nasjonalt og internasjonalt, noko som bidreg til å auke bygdas omdømme og tiltrekke fleire besökande.
8. **Nye impulsar og tilflytting:** Fleire turistar fører til at nokre vel å busetje seg i Voss etter å ha blitt kjent med bygda, noko som bidreg til vekst og bulyst.
9. **Berekraftige løysingar:** Reiselivsutviklinga kan legge grunnlag for betre forvaltning av naturen og vedlikehald av stiar og naturområde gjennom styrt tilgang og investeringar.
10. **Sosialt nettverk:** Turistane, spesielt innan ekstremsportmiljøet, bidreg til eit breiare sosialt nettverk, noko som skapar nye venskap og kontaktar blant ungdom og lokalsamfunnet.

# POSITIVE SIDAR OPPSUMMERT

? «Opplever du andre positive sider ved turismen der du bur? Beskriv gjerne med sentrale stikkord her:» N=271



Sitat:

Stort sosialt nettverk blant ungdommer og ekstremsportsutøvere.

Utan turisme hadde ikkje Vossestrand vore i nærleiken av det som det er i dag.

Turistane hjelper meg med å sjå kva som er positivt med naturen her.

Potensial for gode restauranter.

Dei skaper arbeidsplasser i bygda vår. Dei legg igjen pengar i ulike nærlinger. Dei sørger for at innbyggjarane har tilhang til mykje kjekke aktiviteter. Aktivitetsparken, rafting, fallskjerm osv.


# UTFORDRINGAR VED TURISME

Samtidig kan auka turisme føre til ulike utfordringar, som mellom anna press på eksisterande infrastruktur (veg, avfall, toalett mm.), slitasje på naturområde og kulturminna, høgare bustadprisar og trafikkutfordringar.

- 75 % er einig i at turistane skaper køar på vegane.
- 58 % er einig i at turistane skaper trafikkfarlege situasjonar.
- 55 % er einig i at «me er for lite flinke til å tene pengar på turisme der eg bur».

I dei kvalitative tilbakemeldingane gjeld dei negative haldningane til turisme forhold som; «villcamping», trafikkproblem, forsøpling, forstyrring av beitedyr og generelt manglande kapasitet på infrastruktur og for dårleg informasjon tilpassa ulike språk.

Kor einig eller ueinig er du i følgande utsagn om utfordringar ved turisme, der du bur?



# OPPSUMMERING AV UTFORDRINGAR MED REISELIVET, SLIK INNBYGGJARANE SER DET:

1. **Villcamping:** Mange bubar og turistar campar utanfor regulerte område, ofte på privat eide, noko som fører til forsøpling, støy og usemje med grunneigarar.
2. **Kapasitet på infrastruktur:** For få tilrettelagde plassar for bubar og camping, samt for få offentlege toalett, avfallshandtering og parkeringsmoglegheiter skaper utfordringar.
3. **Trafikkproblem:** Auka biltrafikk, spesielt frå bubar, skaper køar, farlege situasjonar og slitasje på vegane, særleg i sårbare område og på smale vegar.
4. **Forsøpling:** Manglande bospann og toalettfasilitetar fører til forsøpling både i sentrum og i naturområde.
5. **Aukande press på naturen:** Hyttebygging og masseturisme har ført til naturøydeleggingar, som for eksempel nedtrakking av stiar, nedbygging av naturområde og forstyrring av beitedyr.
6. **Manglande lokal verdiskaping:** Mange turistar, spesielt bobilturistar, bidreg lite økonomisk då dei ofte har med seg eigen mat og ikkje nyttar lokale tilbod.
7. **Støy og forureining:** Støy frå bubar, turistar på ATV-er, samt fallskjermfly har blitt eit miljøproblem og forringar livskvaliteten for lokalbefolkinga.
8. **Dårleg turistinformasjon:** Manglande skilting og informasjon på fleire språk, samt dårleg kommunikasjon om lokale reglar, fører til misforståingar og uønskt åtferd.
9. **Kapasitetsproblem i sentrum:** Parkering og andre fasilitetar i sentrum er ofte overfylte, spesielt under store arrangement eller i høgsesongen.
10. **Dårleg samarbeid i reiselivsnæringa:** Manglande koordinering og samarbeid mellom turistnæringa og lokale styresmakter gjer det vanskeleg å skape berekraftige løysingar for auka turisme.

# UTFORDRINGAR OPPSUMMERT

? «Opplever du andre utfordringar ved turismen der du bur? Beskriv gjerne med sentrale stikkord her:» N=271



Sitat:

For lite tilrettelegging! F.eks. båsdunker, toalettfasiliteter, parkeringsregulering. Også camping ulovlig.

Ikkje godt nok opplyst korleis me skal bruka naturen med skilt på fleire språk. Ta med deg bosset, bandvangloven, la att grinda, ikkje gje mat til dyr i fjellet, vis respekt for privat grunn, bobilparkering-overnatting.

At hus og leiligheter i boligstrøk blir brukt som hytter.

Voss herad må tilrettelegge for mer turisme.

Auka tilgang på off. toalett ulike stader. Bedre merking, skilting (blir sjeldan godt nok).

# OPPSUMMERING AV OPNE INNSPEL

? «Noko anna du ynskjer å melde attende til oss?» N=240

1. **Fallskjermklubben** er viktig for Voss, og lokalsamfunnet vil lide dersom den forsvinner.
2. **Restauranttilbodet** på Voss bør styrkast for å tiltrekke fleire turistar.
3. **Allemannsretten** må forklarast betre, spesielt når det gjeld ulovleg camping og forsøpling.
4. **Dialogen** mellom Visit Voss, kommunen og grunneigarar må betrast for å handtere pressområda betre.
5. **Opningstidene** i butikkar og kafear bør samordnast, med fokus på lengre opningstider og redusert skjenking.
6. **Marknadsføringa** av arrangement på Voss er for dårlig, og informasjon går ofte forbi Visit Voss.
7. **Lokale reisande** opplever at turistar får prioritet på lokale tog, noko som skapar frustrasjon.
8. **Det er eit problem med støy** frå ATV og mopeder i sentrum, noko som gjer Voss mindre attraktiv for både fastbuande og turistar.
9. **For mykje flystøy** og hytteturisme er ei utfordring, og kommunen må prioritere fastbuande framfor turistar.
10. **Det er eit behov for fleire sentrumsnære bobilparkeringar** og bedre informasjon om turstiar og badeplassar.

# SITAT FRA ÅPNE INNSPEL – RIS OG ROS

? «Noko anna du ynskjer å melde attende til oss?» N=240

Ikkje lat fallskjermklubben forsvinne.

Då mister me veko og alt det fine dei turistane bidrar med i bygda

Restauranttilbudet er en av Voss sine svakheter.

De bør reklamere for korleis oppfører ein seg på eigendommar og på inn og utmark.. om de  
ikkje klara å setta ein standard, kan me heller ikkje ta i mot fleire turister.

Fleire tips til enkle fjellturer i området. Til og med som lokal, er det vanskelig å orientere seg  
om stiar rundt omkring.

Voss har utvikla seg veldig positivt som turiststed. Har unngått å gå i «juggelfella».

Stå på. Bra jobba. La Bømoen leve.

Buplikt i sentrum bør vurderast

Sats på bærekraftig turisme - som gir noko tilbake til lokalsamfunnet og ikkje forurensar å  
lagar støy.

Elsker Voss.



Foto: Karoline Fosse – Visit Voss

MIMIR



Oppsummering av innbyggerundersøkinga er gjennomført av Sarah Peters i Mimir as /Mimir.no

September 2024

Foto: Visit Voss

MIMIR